

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultetsrådgjevar

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig 2 faste 100% stillingar som fakultetsrådgjevar ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har fire institutt med tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord. Fakultetet er ein av dei største lærarutdanningsinstitusjonane i landet med rundt 6200 studentar og 550 tilsette, og tilbyr barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning for 1.-7. og 5.-10. trinn, praktisk-pedagogisk utdanning, bachelorutdanningar, masterutdanningar og Ph.d.-program. Fakultetet har eit omfattande etter- og vidareutdanningstilbod. Forskingsaktiviteten ved fakultetet blir organisert i forskingsprogram og forskargrupper.

Om stillingane

Stillingane skal yte leiarstøtte innanfor ulike ansvars- og funksjonsområde i fakultetet, og vil innebere analyse-, rapportering- og utgreiingsarbeid som skal byggje opp under strategisk utvikling av fakultetet. Det vert forventa at den som vert tilsett tek ansvar for utvikling av arbeidsområdet i stillinga og tek initiativ til samarbeid og samhandling for å byggje ein god organisasjonskultur i HVL.

Stillingane er lagt til fakultetsadministrasjonen og rapporterer til administrasjonssjef. Stillingane er ikkje knytt til ein bestemt campus.

Ansvars- og arbeidsoppgåver

Rådgjevarane skal arbeide tett med leiinga ved fakultetet i strategiske spørsmål og utvikling av fakultetet. Dette inneber sakshandsaming, og ansvar for utgreiingsarbeid og prosjektarbeid.

Rådgjevarane vil ha eit breitt spekter av oppgåver, til dømes:

- Oppfølging og utarbeiding av rapportering (årshjul), handlingsplanar og strategiar i fakultetet
- Analyse og utgreiingsarbeid
- Førebuing og oppfølging av høyringssaker i fakultetet
- Saksførebuing og drift/sekretariatsfunksjon for råd og utval i fakultet
- Bistå med planlegging/organisering av fellesaktivitetar i fakultetet.
- Administrativ støttefunksjon i andre saker etter behov og i samråd med administrasjonssjef

Kvalifikasjonskrav

Til stillingane vert det stilt krav til høgare utdanning på minst bachelornivå, men fortrinnsvis på masternivå. I tillegg vert det stilt krav om administrativ erfaring og spesialkompetanse på høgt nivå, innanfor stillinga sitt funksjonsområde.

Rådgjevarane må kunne arbeide sjølvstendig og strategisk, ta initiativ og vere ein pådrivar, og ha gode samarbeids- og kommunikasjonsevner. Vidare må rådgjevarane ha god munnleg og skriftleg framstillingsevne på begge målformer og god digital kompetanse.

Vi tilbyr

Stillingane som rådgjevar er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1434 - rådgjevar. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskott til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannende fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Dersom vedlegga overstig 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggst ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA verksemd.

[Heimeside](#)

Kontaktpersonar ved Høgskulen på Vestlandet er:

1) Administrasjonssjef Tone Reistad, telefon [+47 55 58 75 57](tel:+4755587557) / mobil [+47 994 65 399](tel:+4799465399)

Jobbnorge-ID: 161619, Søknadsfrist: Avsluttet